



Aud Sølvi Fosse Drengenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2611 - 16/20381

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

25.10.2016

## Gjeldande spørsmål om opning i steingard - Landbruksveg Fosse 25/16 og 25/11

Viser til spørsmål om utviding av steingard i grensa mellom gnr./bnr. 25/16 og 25/11

Saka gjeld tilkomst for skogsmaskinar for å gjennomføre hogst på 25/11, der eigar ønskjer å utvide ei eksisterande opning i steingarden mellom 25/16 og 25/11 i fem til seks meters breidde. Eigar ønskjer òg å nytte opninga for å komme til med traktor etter hogsten er gjennomført. Søkjar byggjar veg over innmarka opp til steingarden med velteplass for å leggje til rette for hogsten.

- 1) Steingarden er grense-/bøgard mellom 25/16 og 25/11, og skriv seg etter alt å dømme frå tida etter utskiftingane. Det er i dag ei mindre opning i steingarden på i underkant av to meter, som er tenkt å kunne verte utvida. Garden er i retning SSA-NNV og i relativt god stand for steingardar av denne typen. Han er i god stand ved den søre delen av opninga, men rast saman nokre meter mot nord (*fig.1*).
  - a. Dersom eigar ønskjer å utvide opninga i steingarden, må dette skje på ein skånsam måte.
  - b. Steinen må takast ut i retning nord-nordvest for opninga i maks fire meter lengde.
  - c. Utover det som er skildra i b), må kanten av steingarden mot sør-sørvest, samt steingarden elles, ikkje verte skadd av hogsten eller oppsamling og transport av tømmer.
- 2) Det er to SEFRAK-registrerte ruinar i hogstområdet kring 25 meter vest for steingarden, ID-nr 1256 205 081 og 1256 205 082. Førstnemnde ruin er ein rest etter eit uthus, uviss funksjon, truleg bygd kring 1890. Den andre ruinen er ein skjeneflor, mogleg frå før utskiftingane. Begge har vore i bruk til kring 1920 (*fig. 2 og 3*).
  - a. Ruinane må ikkje verte skadd av hogsten eller oppsamling og transport av tømmer. Eventuell hogging av trær i nærleiken av ruinar må skje på ein skånsam måte.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



*Fig.1 – opninga i steingarden, sett mot aust. Spor etter arbeid med velteplass i bakkant.*



*Fig. 2. Skjeneflor i forkant med uthus bak mot NV. Sett mot NNV.*



Fig. 3. Skjeneflor med steingarden i bakkant. Sett mot ANA.




Fig. 4. Pil viser opninga i steingarden. Svart sirkel markerer dei SEFRAK-registrerte ruinane.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Marius Flemmen Knudsen

**Mottakere:**

Aud Sølvi Fosse Drengenes